



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

27.02.2020

Vår ref:

2020/1958

Dykkar dato:

28.01.2020

Dykkar ref:

201915137

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om redusert minste driftsvassføring i Bergstø kraftverk i Etne kommune

Fylkesmannen konstaterer at redusert minste driftsvassføring i Bergstø kraftverk vil få små konsekvensar for allmenne interesser, og vi vil ikkje rå frå at planendringa blir godkjend.

Vi viser til brevet 28. januar 2020 med søknad om redusert minste driftsvassføring for Bergstø kraftverk.

Bakgrunn

Småkraft AS har søkt om løyve til å redusere minste driftsvassføring i kraftverket frå 130 l/s til 40 l/s. Endringa vil auke det årlege energiutbyttet med 0,1 GWh. Det er estimert at det vil bli 27 færre dagar årleg med avrenning mindre enn minste slukeevne pluss minstevassføring. Multiconsult AS har vurdert at endringa vil ha ubetydeleg til små negative konsekvensar for naturmiljø og landskap/friluftsliv.

Vår vurdering

Slukeevneintervallet og minstevassføringa har mykje å seie for korleis naturmiljø og landskap blir råka av ei vasskraftutbygging. For Bergstø kraftverk er slukeevneintervallet godt innafor vanleg nivå for kraftverk som har fått konsesjon dei seinare åra; maksimal slukeevne utgjer 1,5 gangar middelvassføringa (oppsett til 880 l/s i bakgrunnsdokumentet for konsesjonen), og minste driftsvassføring utgjer om lag 15 prosent av middelvassføringa.

Det er fastsett differensiert minstevassføring for sommar og vinter som skal ivareta eit visst naturmiljø og friluftslivsinteresser i området, som er innfallsport til Folgefonna nasjonalpark. Dette var ein viktig premisse for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og natur- og friluftslivsinteresser ved denne utbygginga.

Om planendringa blir godkjent vil nivået på minste slukeevne ligge heilt i nedre sjikt av det som har vore vanleg ved nye utbyggingar dei seinare åra, men vassutnyttinga vil framleis vere på moderat nivå for eit småkraftverk. Dynamikken i elva ved låge vassføringar blir redusert, og det vil bli fleire døgn med minstevassføring. Dette vil vere negativt for naturmiljø og landskap/friluftsliv, men vi konstaterer at konsekvensane er vurdert som små i naturmiljørapporten.

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vi meiner det bør vere ein viss terskel for å akseptere auka vassutnytting i disfavør av allmenne interesser. Det er også uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. I denne saka ser det likevel ut til at det kan vere akseptabelt å opne for ei lita endring i slukeevneintervallet, sjølv om det berre gir litt auka kraftutbytte. Alt i alt vil vi ikkje rå frå at planendringa blir godkjent.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM